

KO 17.12.2020

Interpellasjon frå S.Toft-V:

Sak: Kjøp av friområdet innanfor reguleringsplan for Lonene

I samband med at områdeplanen for Lonene vart slutthandsama i kommunestyret i Lindås i møte den 26.09.2019, k.sak 056/19 gjorde kommunestyret følgjande vedtak.

«KO - vedtak:

Kommunestyret har vedteke områdeplan for Lonena – plan-ID 1263-201610 i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med dei endringane som er lagt fram i saka. (Rådmannen si tilråding), med følgjande endring:

- 6.3.2 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for meir enn 100 bustadar innanfor områdeplanen og for alle byggjeområder langs Lonsvegen, må venstresvingefelt E39- Lonsvegen vere ferdig opparbeida.
- 6.3.3 Byggjeområdene i områdeplanen og alle byggjeområder langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustader.

Kommunestyret bed rådmannen om å starte opp prosessen med å få kjøpt ut friområde i Lonane - Plan-id 1263-201610»

Denne saka vart fremja som interpellasjon i kommunestyret den 20.februar 2020, og at svaret då var at rådmannen trong meir tid til saka. Det har no gått ei tid.

Venstre meiner framleis at kommunestyret sitt samråystes vedtak (jf. siste punktet i vedtaket) om å kjøpa friområdet innanfor områdeplanen for Lonene er svært viktig å få gjennomført. Det er viktig både for at innbyggjarane skal vera sikra å kunna bruka dette flotte natur og friluftsområdet i framtida, og fordi området har stor verdi for mange innbyggjarar i Alver kommune.

Venstre ber igjen om at ordførar i møtet orienterer om kor langt denne kjøpsprosessen er gått, og om møtene/ drøftingane som har vore mellom kommunen og grunneigar i denne saka. Det er og sterkt ønskjeleg at kommunestyret får vite kor tid ein forventar at endeleg kjøpsavtale kan koma opp til politisk handsaming i Alver kommunestyre.

Dersom forhandlingane skulle vera vanskeleg ønskjer Venstre at kommunestyret får vite meir om alternative prosessar som er naudsynt for snarast å sikre offentleg kjøp av området til ein fornuftig pris. Venstre ønskjer igjen å vite om Alver kommune har hatt kontakt med Miljødirektoratet i saka, med tanke på eventuelt statleg bidrag/ tilskot til kjøp av området.

Svar frå ordførar:

Kommunen var i møte med grunneigar Rygir i februar 2020. I etterkant blei det oppdaga at føresegne til områdeplanen var upresise i forhold til kor uteoppahaldsareal skulle løysast. Det kunne tolkast at planlagde bustadar kunne nytte friområdet til felles uteoppahaldsareal. For å unngå mistolkingar og sikre føreseielege rammer for vidare detaljregulering, er det gjennomført ei administrativ endring av føresegn 4.1.1.5.a, punkt 4. Den klargjer at uteoppahaldsareal skal løysast innanfor byggjeområda, og ikkje i friområdet. Det har vore viktig å få på plass denne endringa før vidare dialog med grunneigarar. Endringa blei godkjend i slutten av november 2020. Planen er å ta opp igjen dialog med grunneigarar rett over nyttår.

Kommunen har vore i dialog med Miljødirektoratet om statleg sikring av området, og tilbakemeldinga er foreløpig at området er godt eigna til statleg sikring. Kommunen kan søkja om tilskot til kjøp av området, og ein kan få tilskot basert på kva verdi området har lokalt og regionalt. Tilsegn om tilskot er avhengig av at ein kjem til semje med grunneigarar om ein pris Miljødirektoratet kan godta. Kommunen har også vore i dialog med Bergen og omland friluftsråd (BOF) om ein prosess for statleg sikring. Frist for å söke er 15. januar kvart år, og administrasjonen jobbar med å avklare kva som må på plass for å kunne söke innan 15. januar 2021.